



Direktoratet For Strålevern og Atomsikkerhet
Postboks 329 Skøyen
0213 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1 - 19/27598

Saksbehandlar:

Ståle Juvik Hauge

Stale.Hauge@lindas.kommune.no

Dato:

13.09.2019

Høyringsuttale frå Alver kommune til forslag om endring i forskrift av 1. november 2010 nr1394

Viser til høyringsnotat frå 6. mars 2019 frå Direktorat for Strålevern og Atomsikkerhet (DSA), møte frå 3. juni 2019 og e-post 5. juni 2019 om fristutsetjing til 16. september 2019.

Kommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Eidfjord, Fedje, Fjell, Fusa, Granvin, Gulen, Hyllestad, Kvam, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Solund, Sund, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden er alle deltakarar i IUA Bergen region som har sendt fråsegn på vegne av medlemskommunane. Me har likevel valt å sende ei uttale/fråsegn om den forvaltningsmessige og lovendinga i tillegg.

Me er alle kommunar som tek eit særleg nasjonalt samfunnsansvar fordi vi i stort omfang er vertar for verksemder og skip som handterer radioaktiv materiale. I og rundt Fensfjorden, fensfjordbassenget, ligg eit næringsliv med betydeleg omfang og risiko. Fleire selskap som utfører NDT med mellom anna radioaktive isotopar er representerte, i tillegg til kundar av desse. Gjennom kommunen vert det transportert isotopar etter gjeldande regelverk, men me meiner trafikkuhell der slike transportar er involvert inneber ein auka risiko. Nabokommunen vår, Gulen kommune, er ein av dei kommunane som har deponi for lavradioaktivt avfall. Transport til dette deponiet i Sløvåg går gjennom fensfjordbassenget og området rundt, dette både på sjø og land. Planlagt aktivitet som opphogging av oljeinstallasjonar m.m som inneber risiko for kontaminert materiale som skal handterast i vårt område.

Alver kommune krev at nærinslivet som handterer radioaktivt materiale i fensfjordbassenget vert invitert til å koma med innspel til lovendinga, Equinor, Mongstad Base m.fl., og kva kosekvens dei ser med lovendinga.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Me har forsøkt å ikkje kommentere dei same punkt som uttalen frå IUA Region Bergen. IUA Region Bergen sine merknadar, på våre vegne, er dekkjande for det operasjonelle arbeidet, medan vår uttale gjeld resten av det ansvaret som framlegget fører med seg. Dette er ansvaret for å hindra at forureininga skjer og/eller oppdaga at den har skjedd. Det ligg eit ansvar knytt til tryggleiken, på kort og lang sikt, mot radioaktivt stråling for innbyggjarane og miljøet i kommunane.

Utgangspunktet i framlegget er at unntaket for radioaktiv stråling blir innskrenka slik at forureiningslova §§ 43, 44, 46 og 47 skal gjelde fullt ut for radioaktiv stråling.

I notatet på første side blir det sagt at enkelte paragrafer i forureiningslova ikkje blei gjort gjeldande ved førre revisjon. Ein ønskte å vurdere nærare om det var hensiktsmessig å anvende lova på dette område.

Me finn ikkje grunngevinga for kvifor ein har funne dette hensiktsmessig. Det einaste notatet seier på dette punktet er at «*det har blitt tydelig at det er ønskelig at forurensingsloven §§ 43, 44, 46 og 47.... også bør gjelde for akutt radioaktivitet*»

Hovudsynspunktet vårt er at forslaget, slik det ligg, ikkje bør innførast. Det er ikkje mogeleg for kommunen eller kommunane i fensfjordbassenget å sjå totalkonsekvensen av dette, når grunngevinga for å endra det tidlegare standpunktet ikkje kjem fram. Oppdraget frå Klima- og Miljødepartementet til DSA, om å utforma eit høyringsnotat, har heller ikkje blitt gjort tilgjengeleg for oss som framlegget faktisk påverkar. Det er vanskeleg bygge ei forståing kring målsettinga for endringa.

For ordens skuld vil me allereie innleiingsvis presisere at kommunen finn det naturleg at me skal ha ei rolle, med å føre over ansvaret etter forslaget i lovendringa, finn me det verken rekningsssvarande, formålstenleg eller at lovendringa vil oppretthalda eller forsterka tryggleiken for innbyggjarane våre.

1. Ansvar frå DSA fordelt ut til over 370 kommunar

Me går ut i frå at det i dag ligg nokre forventningar til DSA som, gjennom forslaget, blir ført over på kommunane. Det kjem ikkje fram kva forventningar dette er.

Heimesida til DSA seier fylgjande om kompetanse;

«DSA arbeider for at det skal være minst mulig skadelige effekter av stråling på menneske og miljø. Dette innebærer at vi skal ha oversikt over tilstanden og utviklingen av radioaktivitet i miljøet og stråledoser til befolkningen. Overvåkning gir kunnskap som grunnlag for forvaltning og myndighetsutøvelse.»

Det er vanskeleg å sjå om høyringsforslaget inneber noko endring i høve til om til dømes § 43 fører med seg at kommunane no får plikt til å etablere eiga overvaking for kysttrafikken, transport av radioaktive kjelder eller anna verksemd i området. Vidare krev det kompetanse for å finna ut kva typar analysar kommunane skal «overta ansvar for» og korleis ein skal finna rett kompetanse.

I vårt møte vart det tatt opp at det gjennom høyringsnotatet blei gitt altfor diffuse skildringar kring korleis DSA pliktar å overføre kunnskap/kompetanse. Kva avtalen med Kystverket eventuelt kan bety for kommunane går heller ikkje fram.

Når ein no i framlegget vel å leggja ansvaret som kjem av dei nemnde reguleringane, over på kommunane, vel ein òg å fordela ansvaret ut til om lag 370 kommunar. Kommunane må, kvar for seg, prøva å byggja opp nok kompetanse til å møta utfordringane på ein god og kostnadseffektiv måte. Samla sett kan det ikkje vera tvilsamt at dei totale kostnadene for å dekkja dette området kjem til å auke.

Årsmeldingane frå DSA viser det omfang av hendingar dette gjeld. Etter framlegget må no alle kommunar byggja seg opp kunnskap for å forstå kva ansvar dei får. Radioaktiv stråling er eit svært kompetansekravjande område, og konsekvensane er store om kommunane ikkje har fått bygd nok kompetanse i tide til å sjå utfordringane. Framlegget vil utan tvil bli ei total nasjonal kostnadsauke. Kommunar, særleg disponert for radioaktivt utslepp, må dessutan ha kostnadsdekning etter tydelege reglar, slik at forsvarleg førebyggjande aktivitet lar seg gjennomføre. Det kjem fram av notatet at det ikkje er tenkt å gje ein slik økonomisk kompensasjon.


Me er overtydd om at det ikkje er rett å overføre ansvaret, og dermed initiativet, til kommunane på det noverande tidspunkt. For å finna dei rette tiltaka for førebyggjing og beredskap, vil det krevjast ein særleg type spisskompetanse. Det kan få svært alvorlege konsekvensar om kommunen ikkje greier å skaffe og halda på den naudsynte kompetansen i forvaltninga. Notatet gjev på inga måte tilfredsstillande utgreiingar av korleis DSA pliktar å føre over sin kunnskap, slik at tryggleiken ikkje går ned i overgangsfasen. Dette er ein kunnskap/kompetanse som DSA har bygd opp gjennom mange år.

Eit utvida ansvar til kommunane og komeptansedeling bør konkretiserast mykje tydelegare enn å generelt syne til at det skal bli utarbeidd ei rettleiing frå DSA. Forslaget til lovendinga tar heller ikkje godt nok opp i seg krava til den spesialkompetansen kommunane no må ha etter endringa.

2. Notatet manglar ei skildring av rollefordelinga som skal gjelde etter lovendinga – korleis ser ein føre seg at verkemidla i forureiningslova skal handterast

Notatet gjev inga rettleiing i kva som skal reknast som mindre utslepp, eller kven som gjer vurderinga av dette, noko som gjev utfordringar både forvaltningsmessig for planlegging og risikovurdering, og vidare på operativt nivå.

I dag ser atomberedskapen slik ut:



Det hadde vore hensiktsmessig med ein illustrasjon over rollefordelinga på situasjonane ein meiner forskriftsendinga skal dekkje.

I dag er det statlege spesialeiningar som sit på spesialkompetansen, dei same einingane som har hand om, eller sterk påverknad på, dei løyva som blir gitt i kommunen.

Frå DSA si heimeside blir fylgjande uttrykt om DSA si rolle:

«DSA rettleier verksemder og fører tilsyn med verksemdene si oppfølging av tillatinga. Dette sikrar at krav frå myndigheitene blir oppfylte.»

Det er ikkje kommunane sjølve som tek standpunkt til om dei skal vere vertskap for verksemder med risiko for radioaktivt avfall. Det vil likevel vere naudsynt at kommunen medverkar til at verksemda blir teke godt i mot av innbyggjarar og elles. Når kommunane ikkje har bygd opp ein slik kunnskap som DSA sit på, vil det bli vanskelegare å få fleire kommunar til å vere positivt til å ta eit nasjonalt samfunnsansvar på dette området. Framlegget kan gje ein negativ effekt på samhandlinga som krevjast.

Dette blir ytterlegare forsterka gjennom kommentarane i notatet *om at*:

«De føreslått endringane vil bli gjennomført innanfor dagens økonomiske rammer og vil ikkje innebære økte kostnader av betydning da hovudformålet er å tydeliggjøre ansvar på kommunalt og statlig nivå og beredskapen vil inngå i allereie etablerte ordningar basert på å utnytte eksisterande ressursar på kommunalt og interkommunalt nivå.»

Den negative effekten blir forsterka når kommunen blir pålagt å finne den naudsynte kompetansen og ekstra ressursar for å ta imot det aktuelle løyvet, straks søknaden er innvilga. Kommunane sin sjølvråderett blir indirekte innskrenka om mynde for å gje løyve høyrer under eit statleg organ,

medan kommunen sitt ansvar aukar uforholdsmessig med dei løyva som blir gjeve. For eit eventuelt auka ansvar, må kommunen få ei sterkare posisjon opp mot høyringsrunden i prosessen med å tildele løyver.

Høyringsnotatet pålegg kommunen å ha beredskapsplanar som går ut over verksemda sitt eige ansvar (§40), og i tillegg der den ansvarlege verksemda ikkje set i verk naudsynte tiltak for å avgrense skadar og ulemper (§ 46) , jf. notatet side 2. Eit av dei tiltaka som blir nemnd er å varsle statleg forureiningsmyndigheit. Det blir vidare opplyst at det statlege forureiningsmyndigheit har gått inn på ein samarbeidsavtale med Kystverket. Her legg ein til grunn at ansvaret og rollar skal klarleggast i eit samordna planverk. Vi viser her til våre merknader under punkt 1 om ei trygg overføring av oppgåve.

For at kommunane skal kunne gjere eit tilfredsstillande arbeid med risikoanalysar og oppfølging av tiltak etter risikoanalysar, må dei ha verkemiddel til det. Kommunen vil ha behov for informasjon av gjennomførte tilsyn frå andre, klargjering av når dei sjølv kan, og skal, kontrollere at tiltak frå risikoanalysar blir følgd opp, og til slutt moglegheiter til å gje pålegg utan å gå via statleg organ.

Notatet manglar merknadar om i kva grad DSA vurderer det slik at kommunane er tildelt dei naudsynte verkemiddel for å sikre det førebyggjande arbeidet. Dersom ein aukar ansvaret, må ein parallelt utarbeide reguleringar som kan gje kommunen tilstrekkelege verkemiddel for å få gjennomført tilsyn, førebyggjande sikring, eit døme her kan vere krav om at verksemda har eigen strålevarnsansvarleg med god fagleg kompetanse ikkje berre på det tidspunktet løyvet blir gitt, men så lenge løyvet blir nytta.

Rollefordelinga bør òg skildre korleis ein ser for seg at verkemidla skal brukast og av kven.

§46 i forureiningslova omhandlar kommunen sin mogleik til å overta ein aksjon mot akutt forureining. Notatet om forslaget til lovendinga seier ikkje noko om at kommunen kan overta heilt, eller delvis, leiinga med å bekjempe ulykke/hending ved mindre uhell. Dagens lov omtalar at Staten kan overta leiinga ved større tilfelle av akutt forureining.

Notatet om forslaget til lovending seier derimot at kommunen no kan få ansvaret for mindre uhell med strålefare, noko som ikkje er omtala i noverande §46.

Alver kommune ser ikkje at foreslått lovending:

Aukar tryggleik ved forvaltningsmessig handsaming av saker om radioaktivt materiale
Betrar tryggleik kring handsaming av uhell med radioaktivt materiale

Alver kommune ser at foreslått lovending:

Aukar risiko for at alle typar saker som inneheld «radioaktivt materiale» vert handsama utan den spesielle kompetanse som er naudsynt på alle nivå og på alle saksområde i ein kommune for at samfunnet skal bli så trygt som mogleg.

Alver kommune ynskjer ikkje lovendinga gjennomført slik den ligg føre no.

Med helsing

Ståle Juvik Hauge
beredskapsplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ståle Juvik Hauge

Mottakarar:

Direktoratet For Strålevern og
Atomsikkerhet

Postboks 329
Skøyen

0213

OSLO